



Far Hans Christian har teke mange fiskar i Uskedalen og har no lært opp Jan-Christian og Linda! Biletet vart teke sist sommar.

**- Uskedalen er veldig nær oss, gjennom den daglege servicen til [uskedalen.no](http://uskedalen.no)!  
Det skriv Hans Christain Markert i Kaarst ved Düsseldorf i en hyggjeleg julehelsing til oss.**

Dei andre i familien er mor Sylke og borna Jan-Christian (7) og Linda (5) og dei fire er mellom dei største

Uskedal-patriotane i Tyskland. Spesielt kjenner dei seg sterkt knytt til Rabben Camping/Feriesenter etter hyggjelege ferieopphald der.

I 2003 kom Hans Christian attende 31 år etter at han som treåring opplevde Rabben og Uskedalen for første gong.

- Ein herleg plass, var konklusjonen deira då vi møtte dei på Rabben no i juni. Familien Markert budde på Rabben i åtte somrar opp gjennom 1970- og 1980-talet og var her opptil fem-seks veker! Ikkje minst hadde dei då tett kontakt med familien Nilsen på butikken.

Hans Christian tykkjer ikkje at Uskedalen har endra seg så mykje samanlikna med den gongen bortsett frå at tre butikkar har skrumpa inn til ein. Han hugsar så mangt, ikke minst då dei tulla seg bort under ein utflukt til Bergen og ikkje fant nokon annan utveg enn å ta sjøfly "heim" til Uskedalen.

Hans Christian kjenner seg heime i bygda vår og det har både med menneskje og natur å gjera. Og Skorpo er øya hans – han har ho til og med som bakgrunnsbilete på pc-en!

Uskedalen.no ynskjer GOD JUL attende!

Av Ola Matti Mathisen



Familien Markert då den var på Rabben i juni 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen)